

# STIFTINGA HILMAR ALEXANDERSEN



HILMAR  
FESTIVALEN

HILMAR  
QAS

FOLK JAZZ  
SCENA



# MSFF

MIDTNORSK SENTER FOR  
FOLKEMUSIKK OG FOLKEDANS

## Innhold

1	Verksemda .....	3
2	Fagleg aktivitet .....	4
2.1	Midtnorsk senter for folkemusikk og folkedans (MSFF).....	4
2.2	FolkJazzScena i Nord-Trøndelag (FiNT).....	8
2.3	Hilmar AS.....	8
2.4	Hilmarfestivalen .....	9
3	Generelt om året.....	13



# 1 Verksemda

Stiftinga Hilmar Alexandersen har sete i Steinkjer kommune.

## Formål

Stiftinga Hilmar Alexandersen er ei ideell stifting og skal vere ein arena for å fremje tradisjonskultur og kultur som næring. Stiftinga har som formål å gjennomføre ein årleg folkemusikkfestival med konsertar, kurs og andre aktivitetar knytt til tradisjonsmusikk, -song og -dans gjennom Hilmar Alexandersen folkemusikkfestival og andre aktivitetar gjennom året i tråd med formålet.

## Arbeidsmiljø

Stiftinga si verksemd forurensar ikkje det ytre miljøet.

Det er i rekneskapsåret ikkje registrert arbeidsuhell eller ulykker som har resultert i personskader eller materielle skader.

## Grunnfondsinnskytarar

Stiftinga har 13 grunnfondsinnskytarar.

- Steinkjer kommune
- BUL Steinkjer
- Inntrøndelag Ungdomssamlag
- Noregs Ungdomslag
- Nord-Trøndelag musikkråd
- Kunnskapsparken Steinkjer AS
- Trøndelag Folkemusikklag
- FolkOrg
- Verdal juniorspellmannslag
- Steinkjer Kunstforening
- Dampsaga Bad og Kulturbygg
- Sør Trøndelag Ungdomslag
- BUL Nidaros

## Styret i meldingsåret

- Susanne Bratli, leiar
- Anne Haga, nestleiar
- Geir Egil Larsen
- Holger Torset
- Johan Solheim

## Arbeidsforhold og administrasjon

Dagleg leiar Johan Einar Bjerkem hadde i 2017 70 % stilling Linn Krogstad Kjelvik var tilsett som kontor- og arrangementssjef i 100 % fram til 1. november. Ingrid Hojem var leid inn på timebasis frå og med august som arrangementssjef. Inger Hovde var tilsett 100% som prosjektleiar heile året. Ian Gillan arbeidte i 100 % stilling frå og med oktober.

Det er ved utgangen av året tilsett to kvinner og to menn i stiftinga. Styret ser ingen grunn til å sette i verk tiltak for å fremme likestilling.

Stiftinga Hilmar Alexandersen kjem inn under lov om obligatorisk tenestepensjon, så det er inngått avtale om tenestepensjon for dei tilsette.

Året har vore prega av store endringar og utskiftingar på kontoret.

I arbeidsåret 2017 er det halde 6 styremøte og behandla 38 saker. Årsmøtet vart halde 6. april.

## 2 Fagleg aktivitet

Styret har brukt ein del tid på å diskutere ideologisk grunnlag og arbeidsområde for stiftinga, og stiftinga har i tillegg til Hilmarfestivalen arbeidt med ei lang rekke prosjekt i tråd med formålet. Under følgjer ei oppsummering av det faglege arbeidet i Stiftinga.

### 2.1



# MSFF

MIDTNORSK SENTER FOR  
FOLKEMUSIKK OG FOLKEDANS

Sentret dekker Møre og Romsdal og Sør- og Nord-Trøndelag, og har midlar frå Norsk Kulturråd, Nord-Trøndelag fylkeskommune og Steinkjer kommune.

Sentret hadde i 2017 fire hovudoppgåver

1. Produksjon av profesjonelle folkemusikk og folkedansforestillinger
2. Få til meir profesjonell folkemusikk og folkedans i regionen (ved å støtte arrangørar)
3. Få til fleire oppdrag til dei profesjonelle utøvarane i regionen.
4. Å rekruttere til folkedansen.

2017 har vore eit krevande år å nå dei konkrete undermåla som var sett opp under kvart av desse hovudmåla, så det har vorte prioritert å arbeide for desse hovudmåla gjennom konkrete prosjekt. Desse prosjekta er beskrive under:

#### **Andre tiltak**

Det er gjennomført faglege turar mellom anna til Bransjemessa «FolkeLarm» i Oslo.

Dagleg leiar sit i styringsgruppa i prosjektet «Interaktiv danseformidling» - eit treårig prosjekt i regi av Norsk senter for folkemusikk og folkedans (SFF) saman med Musea i Sør-Trøndelag.

Dagleg leiar sit også i Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff), som skal ha ein koordinerande funksjon for fagfeltet på landsplan. Gjennom dette vervet leier han også ei koordineringsgruppe for folkedansen i Noreg som består av representantar frå Rff, Sff, NU, FolkOrg og Riksscenen.

Det er også arbeidt ein god del med immateriell kulturarv. Dagleg leiar har vore på fleire møte på nasjonalt plan om immateriell kulturarv, og 20 – 21. mars var Stiftinga vertsskap for eit møte for dei norske instruktørane innanfor UNESCO-konvensjonen om vern av immateriell kulturarv. Det var utflukter både til Henning skole og til Steinkjer kirke under møtet.

#### **Forprosjekt om immateriell kulturarv (arbeidstittel)**

Dette arbeidet har skjedd i samarbeid med fleire organisasjonar gjennom år, blant anna Nord-Trøndelag kulturvernråd, Fortidsminneforeninga i Steinkjer, Stiklestad Nasjonale Kultursenter avdeling Egge, Kommuneantikvaren i Steinkjer og Steinkjer bibliotek. Som ein konsekvens av dette, bestilte Stiftinga ei utgreiing om ei muleg oppretting av eit Midtnorsk senter for immateriell kulturarv Morten Stene laga ei utgreiing om dette, og vi har hatt to seminar om denne rapporten i løpet av året.



Vi har samarbeidd med Midtnorsk Jazzsenter, Molde International Jazz Festival, TEMPO og AKKS Trondheim om denne oppgåva der målgruppa har vore det profesjonelle musikklivet i heile Midt-Noreg (dei to Trøndelagsfylka og Møre og Romsdal). Gjennom året er det gjennomført mange prosjekt, blant anna Midtnorsk Musikk Messe (3M) i to fylker (i Namsos i Nord-Trøndelag og Molde i Møre og Romsdal), generasjonsmøter og gründercamp. Det er bl.a. gitt støtte Trondheim Calling, eksportprosjekt for folkemusikk, Trondheim Jazzexpo, Bandwagon, og Årskonferansen for festivalnettverket i Trøndelag.

Nettverket har i 2017 hatt økonomisk støtte frå Norsk Kulturråd, Nord-Trøndelag fylkeskommune Sør-Trøndelag fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune i tillegg til Kristiansund, og Molde kommuner.

Johan Einar Bjerkem sat i styringsgruppa i MINK i 2017. Are Bergerud frå AKKS er prosjektleiar, og Bjørn Willadsen er prosjektansvarleg.

MINK er lagt ned frå og med 31.12.2017 på grunn av omorganiseringar i feltet. Det er utarbeida eigen årsrapport for arbeidet i MINK.

### **Hilmarprisen**

I 2017 vart prisen tildelt Ingebjørg Bratland. I juryen sat: Geir Egil Larsen for Stiftinga Hilmar Alexandersen, Anders Skaugen for Nord-Trøndelag fylkeskommune og Svein Kåre Haugen for Steinkjer kommune. Johan Einar Bjerkem var sekretær for juryen. Stiftinga arbeider for å fornye prisen.

### **Folkemusikkarkivet i Nord-Trøndelag**

Dette ligg ikkje trygt lagra no. Det har vore arbeidt med å prøve å få til dette, og vi arrangerte mellom anna i samarbeid med fleire andre partar eit opent møte under Hilmarfestivalen med formålet å få klargjort eigarforhold for arkivet og deponering av samlinga. Møtet sette ned ei gruppe med Stiftinga som sekretariat som skal fullføre dette arbeidet. Vi håper at dette skal vere på plass i 2018.



2017 var det femte året vi var sekretariat for paraplyorganisasjonen Nordlek som består av 22 organisasjonar frå heile Norden.

Det har også i 2017 vore arbeidt med å få nordisk driftsstøtte til Nordlek, men her har vi heller ikkje i år nådd fram. Sekretariatet har også søkt støtte til to prosjekt for Nordlek: Støtte til BARNLEIK, som vart gjennomført på Færøyane i juli og ei ekstra musikksetting under NORDLEK i Falun i 2018. Begge desse søknadene vart innvilga.

# HilmART



HilmArt er kunstsatsinga til Stiftinga. Styret har nedsett ei styringsgruppe som består av Robert Øfsti (leiar), Per Rygvold og Inger Lillesand. Tone Brattås er sekretær.

Det var fleire utstillingar under Hilmartfestivalen – og i samarbeid med Steinkjer kommune og lokale sponsorar – samt sommerskolen på Huze vart undergangen mellom Dampsaga Kulturhus og parkeringshuset dekorert av seks jenter sommaren 2017 under leing av kunstnaren JamesOne.

Målet til HilmART er å la samtidskunst møte og gå i dialog med tradisjonskulturen.

## Weidemannseminaret

Stiftinga samarbeidte med den frivillige organisasjonen Jakob Weidemanns venner om gjennomføring og PR for Weidemannseminaret 2017. Seminaret var godt besøkt og tema var Arve Hovigs liv og kunst.

## Trønderhelg i Oslo



10. – 11. mars arrangerte Stiftinga under paraplyen til Midtnorsk senter for folkemusikk og folkedans Trønderhelg på Riksscenen i Oslo. Vi initierte samarbeid med Jobb i Nord-Trøndelag (JOBBiNT), Oi Trøndersk Mat og Drikke og Visit Innherred.

Konseptet som vart utvikla innebar eit samarbeid mellom reiseliv, kulturliv, matmiljøet og jobbskapingsmiljøet på Innherred. Vi skapte ein arena der artistar fekk sette ein trøndersk stemning og tone for publikum som kom for å oppleve «ein smak av Trøndelag». Konseptet sette preg på Riksscenen i Oslo ei heil helg – og publikum som var interessert i regionen møtte når dei kom personar frå reiseliv, mat og jobbskapingsmiljøet som fungerte som vertar og ambassadørar for regionen. Vi klarte å skape eit heilheitleg miljø på tvers av sektorgrenser og fagmiljø.

På fredag kunne vi ha ønskt oss noko meir folk, men på laurdag var det fullt hus.

Det må likevel understrekast at det viktigaste arbeidet når det gjaldt det faglege i rekrutteringsperspektiv, kom mellom dei kunstnariske innslaga og i myldreområda. Den trønderske musikken var med på å skape ei stor forteljing om Trøndelag – og programleiar Yngve Kvistad viste seg som ein stor forteljar – og losa eit stort publikum inn i Trøndersk mat-, drikke-, fritids-, og arbeidskultur.

Sjølve festkvelden såg slik ut:

### Festforestilling med dans - Programleiar Yngve Kvistad

Spellmannslaget Inant  
Gjermund Larsen Trio  
Skavlan/Ljungkrona  
Maren Fenris  
Duo Jansen / Jussi  
Sven Nyhus  
Verdal juniorspellmannslag  
Einar Olav og Gjermund Larsen

I tillegg var det også andre artistar involvert i løpet av helga, mellom andre Anders Jektvik og Jolly Jumper, Big Moe og Daniel Røssing, Gisle Aarlott, med fleire.

Det at spennet var så stort når det gjald det kunstneriske uttrykket, førte til at det kom fleire for å treffe sine favorittar.

Prosjektet fekk involvert tre frivillige lag (Levanger Spellmannslag, Verdal juniorspellmannslag og BUL Steinkjer). Dette var med og styrka nettverking internt – skapte ein større møteplass, dei bidrog også til å trekke enda meir publikum gjennom å spreie informasjonen i sine eigne nettverk.

### **Hilmartalentet**

er eit nasjonalt utviklingsprogram for toppsjiktet av unge folkemusikarar og dansarar i Noreg, i regi av Stiftinga Hilmar Alexandersen i samarbeid med Sparebank1 Midt-Norge og Talent Norge. Vi ser også etter fleire partnerar inn i prosjektet.

Talentprogrammet vil ta opp eit nytt talent kvart år som følgjer programmet gjennom tre år. Talenta vil delta i konsertar på Hilmarfestivalen, i konsertturné gjennom FolkJazzScena i Nord-Trøndelag, få eit kollegialt fellesskap med andre topputøvarar og følgjast av ein egen mentor gjennom heile programperioden. Talenta vil gjennom utviklingsprogrammet også få bistand til å nå marknaden gjennom booking- og managementhjelp.

Talentprogrammet er det første nasjonale talentprogrammet for folkemusikk gjennom ordninga til Talent Norge. Juryen er leia av Steinar Ofsdal. Første talent er Helga Myhr – og første mentor er Tuva Syvertsen.



### **Eksportprosjektet**

Stiftinga er prosjektleiar for eit treårig prosjekt med støtte frå fylkeskommunen. 2017 var andre år. Målet med prosjektet er å utvikle metodar som vil gi auka internasjonal synlegheit for regionen gjennom opplevingar av og eksport av autentisk tradisjonskultur. Vi samarbeider med både med reiselivsbedrifter og folkemusikarar.

Prosjektdeltakarane ønsker å sette Norges geografiske Midtpunkt på kartet som eit internasjonalt reisemål. Prosjektet skal identifisere, utgreie, bygge og prøve ut konseptar som skal sørge for internasjonalisering av reiselivspakkar bygd på autentisk tradisjonskultur frå distriktet. Funna kan

gjerast tilgjengelege for reiselivs- og kulturaktørar i heile regionen (begge bransjar). Stiftinga har mellom anna arrangert visningsturar, showcasekonsertar og studietur for deltakarane i løpet av prosjektperioden så langt. Vi samarbeider tett med Visit Innherred i prosjektet.

## 2.2



FiNT er Stiftinga sin heilårscene. Her samarbeider vi med Levanger Jazzklubb, slik at vi arrangerer jazzkonsertar og folkemusikk-konsertar både på Namsos, i Levanger og på Steinkjer.

Vi arrangerte 19 konsertar på våren og 16 på hausten, totalt 35 konsertar. Vi er med dette blant dei store heilårsarrangørane i landet. Vi har frivillig-grupper beståande av ei praktisk gruppe i kvar by, og i tillegg har vi ei bookinggruppe for jazz og ei for folkemusikk, samt ei eiga PR-gruppe. Linn Krogstad Kjelvik leidde arbeidet frå kontoret i vårhalvåret – Ingrid Hojem i hausthalvåret. FiNT har også godt samarbeid med Midtvinterdansen i Verdal og Vrimselfestivalen, og programmerer også barnekonsertar.

Tiltaket blir tatt godt imot av artistar, som set pris på å få ein liten miniturne i distriktet. Enno har vi ein jobb å gjere når det gjeld publikumsbygging, men vi ser at godt arbeid også lønner seg på lengre sikt her.

Blant artistar i 2017 kan vi nemne Brazz Bross, Duo Jansen / Jussi, Gjermund Larsen Trio, Sandsvær/ Brodal, Åsmund Bjørken med venner, Nils Økland Trio, Transjoik, Erlend Apneseth Trio og Jovan Pavlovic Trio.

## 2.3



Hilmar AS er eit heileigd dotterselskap av Stiftinga. Hilmar AS skal arbeide med kommersialisering av folkemusikken og folkedansen i distriktet vårt, og skal både selje tenester til Stiftinga og eksternt.

I styret for Hilmar AS sat i 2017 Susanne Bratli (styreleiar), Anne Haga og Eivind Berre. Johan Einar Bjerkem var dagleg leiar i Hilmar AS.

Stiftinga Hilmar Alexandersen har følgd arbeidet i Hilmar AS gjennom året, og er fornøgd med at selskapet viser balanse i 2017.

Det vart i løpet av året gjennomført sal for fleire aktørar til den kulturelle skolesekken ulike stader, og også andre sal med artistar til konsertarrangørar.

Hilmar AS har eiga årsmelding.

## 2.4



Det årvisse hovudarrangementet vårt er Hilmar Alexandersen Folkemusikkfestival, og 2017 var tolvte året med Hilmarfestival i stiftinga sin regi (14. gong totalt) og styret kan på nytt sjå tilbake på ein godt avvikla festival 7. - 11. november.

### Organisasjon

Vi arbeidde også i 2017 mye med frivilligheitsorganisasjonen. Det hindrar ikkje at vi også etter festivalen 2017 framleis ser behov for endringar og forbetringar. Alle styremedlemmer var i år engasjert i nemndarbeid, og har lagt ned stort arbeid.

Totalt var det ca. 150 frivillige som var involvert i Hilmarfestivalen, og vi set stor pris på den innsatsen dei alle viser.

Maten vart i 2017 igjen organisert som ein del av frivilligheita, og vi fortsette med å legge på nytt parkettgolv i foajeen i Dampsaga. Begge deler er arbeidskrevande, men dette var med på å gi heile festivalen eit godt løft og fint miljø.

### Program

Hilmarfestivalen 2017 hadde over 70 arrangement. Her kan vi berre nemne nokre få av dei:

Vi hadde opningsforestillinga på onsdag 9. november, men tjuvstarta allereie laurdag 4. november – og vara over ei veke. Eit kunstprogram i tillegg til kurs, seminar, lysvandring, dansefestar og konsertar skapte tidvis ein folkefest i Steinkjer.

2017 må likevel sjåast på som eit «mellomår» når det gjeld festivalen, likevel hadde vi fleire gode og originale programpostar. Den første store av desse var konserten Jordspendt og Himmelvendt med Lena Willemark i spissen. Ho hadde med seg Knut Størdal – som var primus motor for forestillinga, Mattis Kleppen og Randi F. Lundemo. Dette vart ein stor kunstnerisk suksess.



Myldrearrangementet var i år flytt frå Dampsaga til Samfunnshuset – som viste seg å bli for lite. Ein halvtime etter at vi hadde starta, stod det fortsatt kø langt nedgjennom trappa. Vi har konkludert med at vi må flytte til Rådhuset neste år for å få plass. Lysvandringa har heller aldri vore så stor. Vi hadde eit godt samarbeid med Sentrumsforeninga, Næringsforum, Røde Kors, flyktningetjenesta, Steinkjer unge kvinners sanitet og fleire grupper i Røde Kors.

Hovudkonserten laurdag kveld var ei forestilling som hylla Asmund Bjørken. Hovudpersonen sjølv var vitalt til stade – og programleiar Viggo Valle leia kvelden med bravur og med mange gjester. Vi er svært glad vi rakk å halde denne forestillinga før hovudpersonen gjekk bort berre eit par månader etterpå. Dette vart ein svært fin kveld.

Av programmet elles kan vi nemne at duon Ingvild og Synnøve (hhv. Blæsterdalen og Brøndbo Plassen) hadde ein av sine første konsertar som duo under festivalen. Danseforestillingane 101 hattar å sparke før eg døyr og Døgeniktenes debatt begeistra publikum stort. Hilmarkonserten var ved Edith Johnsen – og ho stod fram som ein forteljar og muskar av rang og fortalte levande frå sitt musikalske liv – og hadde med seg seks andre musikarar på scena.

### Satsing på barn og ungdom

Vi har fleire prosjekt for barn- og ungdom under Hilmarfestivalen, og i alt gir vi gratis kurs og konsertar til 1800 barn og ungdommar gjennom

- Kurs torsdag 9. november for 100 elevar ved kulturskolane i Steinkjer, Snåsa, Verran, Verdal, Stjørdal og Meråker kommunar.
- Dansekurs, foredrag, konsertar og utstillingar for 900 barn, fredag 10. november (alle 4, 6. og 10. klassane i Steinkjer).
- Hilmar:UNG: Ei helgesamling for både musikarar og dansarar. Tilsaman med instruktørkurs i folkedans, deltok over 20 ungdommar mellom 14 og 26 år deltok fredag til søndag 10.-12. november
- Vi arrangerte Barnas Dag laurdag 11. november for barn mellom 6 og 12 år. Her er det leiking, kurs og konsert.
- I samarbeid med Steinkjer kulturskole får elevane her gjennomført fleire konsertar alle dagar under Hilmarfestivalen.



Alle barn under 12 år går gratis på alle arrangement på festivalen, og alle under 18 eller som har studentbevis får halv pris på alle billetter.

## **Trøndelag – Norges mest spennende festivalregion**

Hilmarfestivalen er med i eit nettverksprosjekt støtta av Innovasjon Norge saman med med fleire andre festivalar som Olavsfestdagane, Kamfest, Trøndersk Matfestival og Bryggerifestivalen, Olsokdagene på Stiklestad og Revyfestivalen på Høylandet, samt NSB, Trøndelag Reiseliv, Visit Trondheim og Visit Innherred.

Målet med prosjektet er at ein skal auke talet på nasjonale og internasjonale besøkande på trønderske festivalar og arrangement. Hovudarbeidsområda er (direkte saksa frå prosjektbeskrivinga):

1. Felles omdømmebygging og kjennskap til Norges mest spennende festivalregion og konkret salg de enkelte festivaler og arrangementer (herunder pakker) mot nasjonale og internasjonale målgrupper.
2. Utvikling av publikumsopplevelsen «på scenen». Dette gjelder både selve festivalinnholdet (kjerneopplevelsen) og totalopplevelsen (samspillet mellom stedet og festivalen/arrangementet – det vil hele «kundereisen» og alle gjestens møter med lokale tilbydere og tjenester).
3. Kompetanse og utvikling av arrangementsgjennomføringen bak scenen», herunder både arrangementstekniske elementer (profesjonalisering) og kostnadseffektivisering (smarte fellesløsninger).

## **Nokre tal**

Totalt hadde vi over 70 ulike programpostar under Hilmarfestivalen 2017, omtrent 100 profesjonelle musikarar og artistar på scenen, og over 500 amatørar.

Vi hadde i tillegg over 7 500 besøkande, og av desse var det ca. 1800 barn og unge på kurs, seminar og forestillingar. I tillegg kjem dei som var på kunstutstillingane.

Talet på selte billetter endte på 1280, av dette var selte festivalpass 45. Dette er mindre enn vi hadde som mål.

Hovudgrunnen til differansen på besøkstal og selte billetter er at alle som hadde gjennomgangsbillett brukte denne flittig. Gjennomgangsbilletter har i tillegg til dei som kjøper dette alle frivillige og artistar, samt sponsorane. Tre andre faktorar som gjer seg gjeldande er at alle barn under 12 år går gratis på arrangement, at vi gav alle 4., 6. og 10. klassingar i Steinkjer kommune gratis inngang på forestillingar med Ljom og at fakkeltøget no får fleire tablå – det hadde nesten 30 tablå og skapte ei stor oppleving for alle som gikk med den flotte lyssettinga av byen. Vi vidareførte også suksessen frå dei to siste åra med at vi helga før det braka laus for alvor opna alle kunstutstillingane med gratis konsertar. Alle desse store gratisarrangementa gjorde at differansen er såpass stor.



### **Generelt om Hilmarfestivalen**

Hilmarfestivalen 2017 har gått over i historia med mange positive forteikn. Ein festival med folkemusikktilbod for ein kvar smak og med stor spennvidde.

Eit svært viktig punkt er at uansett spennvidde så må ein ikkje gløyme tradisjonsmusikken som Hilmar sto for, og vi har også ei rekke solokonsertar under festivalen. Vi er glade for at vi har god kontakt med familien til Hilmar Alexandersen i samband med avviklinga av Hilmarfestivalen kvart år.

Det er også gledeleg å ta med seg den positive responsen festivalen har hos små og store bidragsytarar. Spesielt gledeleg er det at Norsk Kulturråd støttar opp, og at vi no får treårig støtte frå Kulturrådet, og no ser vi også at vi no nærmar oss folkemusikkfestivalar vi kan samanlikne oss med når det gjeld både organisering, storleik og kunstnarisk innhald og som ligg meir sentralt på Austlandet i støtte. Dette er styret fornøgd med. Dette er viktig både for oss som festival, men også for kulturtilbodet i distriktet og regionen, og musikklivet her.

Vi har også i 2017 hatt store og gode sponsorar i Sparebank1 SMN, Trønder-Avisa og Bil i Steinkjer. At Steinkjer kommune, som vi også har treårig avtale med og Trøndelag fylkeskommune, som vi har toårig støtte frå, ser på Hilmarfestivalen som eit årsikkert og velorganisert arrangement er og gledeleg.

### 3 Generelt om året

Totalt hadde vi i 2017 ca. 200 frivillige i sving, og mange la ned eit svært stort arbeid. Vi arbeider på mange område, og har stor aktivitet. Dette er det all grunn til å glede seg over.

#### Økonomisk resultat for Stiftinga Hilmar Alexandersen

Budsjett og program har vore tema på dei fleste styremøta, og økonomistyringa har vore god.

*Omsetninga i Stiftinga i 2017 var på kr. 5 076 106,-, opp frå kr. 4 252 687,- i 2016*

*Årsresultatet viser eit overskot på kr. 17 311,-  
Styret vedtar at dette blir lagt til eigenkapitalen.*

#### Føresetnad for vidare drift

Rekneskapen er lagt fram under føresetnad av vidare drift. Styret stadfester at føresetnaden for vidare drift er til stades.


Til slutt vil styret takke alle som har gitt bidrag i form av tilskot, sponing og ikkje minst arbeidsinnsats for å få verksemda i 2017 vel i hamn.

Styret i Stiftinga Hilmar Alexandersen,

Steinkjer, 19.04.2017.



Susanne Bratli  
styreleiar



Anne Haga  
nestleiar




Johan Solheim



Geir Egil Larsen



Holger Torset



Johan Einar Bjerkem  
dagleg leiar



STIFTINGA  
HILMAR ALEXANDERSEN

